

Lèt psykologiske labforsøk seg gjenskapa?

Resultat frå laboratorieforsøk lar seg vanlegvis replisera i den verkelege verda ($r = 0,71$). Men somme psykologiske underdisiplinar klarar seg betre enn andre.

Dette er hovudkonklusjonen til Gregory Mitchell ved University of Virginia etter å ha samanfatta 82 metaanalysar frå dei siste tre tiåra som samanliknar resultat frå 217 psykologiske laboratorieeksperiment med resultat frå studiar av same tema ute i den verkelege verda. Variasjonar i effektstorleik mellom lab og røynd varierte veldig, og i urovekkande mange tilfelle førte utprøving av ein teori utanfor laboratoriet til motsett resultat.

Organisasjonspsykologi viste seg å vera det fagområdet der resultatata frå laben oftast lét seg gjenskapa, medan utviklingspsykologi kom dårlegast ut, med ein negativ snittverdi. Men talet på undersøkingar som blei med i studien frå desse to disiplinane, er så ulik at ei direkte samanlikning ikkje vil vera rettviss. Derimot kunne forskarane halda resultatata frå 80 sosialpsykologiske studiar ($r = 0,53$) opp mot 72 organisasjonspsykologiske ($r = 0,89$).

Det viste seg at studiar av kjønnsforskjellar var særleg vanskelege å omsetta til den verkelege verda – på tvers av alle underkategoriar.